



## REFERAT - MØTE FAU 28.SEPTEMBER

**Dato:** 28.9.21

**Stad:** møterom 222 , Hafslo barne- og ungdomsskule

**Innkalla:** FAU-representantar og rektor

**Til stades:** Tonje Været, Ann Kristin Torgersen, Ingvild Midttun Kjos, Monika Reime, Inger Johanne Lomheim, Kurt Norheim, Tomas Kjørlaus, Øyvind Oksnes og Hilde Holte Selland

**Ikkje til stades:** Linda K. Brunborg, Anne Therese Moen

### SAK

**01/21-22:** Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte. (Oppstartsmøte og Årsmøte).  
FAU: ingen innvendingar. Referat godkjent.

Val av representantar frå FAU til arbeidet med ungdomsbasse (ungdomsklubb) i Husmorskulebygget:  
Tomas Kjørlaus, Kurt Norheim og Ann Kristin Torgersen

**02/21-22:** Møteplan:

a) Møteplan FAU:

Forslaga til møtedatoar vart godkjent.

Tysdag 16.11.21

Tysdag 18.01.22

Tysdag 22.03.22

Tysdag 24.05.22

b) Møteplan SU:

Forslaga til møtedatoar vart godkjent av FAU, med forslag om eit møte til i året, dette vert teke opp på fyrste SU møte.

Tysdag 19.10.21, SU

Tysdag 01.02.22, SU/SMU

Tysdag 31.05.22, SU

**03/21-22:** Trafikktryggleik på skulevegen:

a) FAU samarbeida med skulen om å søkja om Tilskot til Trafikktryggingsaktivitetar, søknadsfrist; 1. Februar 2022.

[https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/trafikktryggingsaktivitetar?fbclid=IwAR26q-xjUdSXMeSRI2ycilHA4bntx\\_RwVxKqGdTJHgUiparFuJF-Yh488Q](https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/trafikktryggingsaktivitetar?fbclid=IwAR26q-xjUdSXMeSRI2ycilHA4bntx_RwVxKqGdTJHgUiparFuJF-Yh488Q)

b) Fokus på gode haldningar, viktig at elevane nyttar tryggleiksstyr:  
a. Bruk Hjelm ved bruk av ((el)sykkel (el)sparkesykkel, rullebrett, rulleskøyter og liknande).



- b. Bruk Flyteplagg på vatnet.
- c. Bruk Sikkerhetsbelte i Buss og Bil.
- d. Bruk refleks.

Informasjon er viktig. Ein må bruka dei kanalane skulen har tilgjengeleg. Sende ut informasjon om bruk av tryggleiksutstyr.

- c) Sjå også <https://www.tryggtrafikk.no/skole/hjertesone/>  
Dette er noko skulen jobbar med, dropsona er på snuplassen ved barnehagen.

**04/21-22:** Orienteringssaker  
4H spelt inn spørsmål om grillhytta vedlikehald og kostnad for dette. Vedlikehald bør utførast før vinteren. Bygdalaget bidreg – kjøpt inn olje. Ein ynskjer at FAU tek ansvar for å pussa benk og olja den. Tomas Kjølraug arrangerar dugnad.

**05/21-22:** Klassekontoar/Vipps.  
Luster Sparebank ynskjer ei oversikt frå FAU kven som skal ha ansvaret for kontoane til dei ulike klassane ved HBUS. Status pr. no: det er berre ein klasse som ikkje har fått vipps. Øyvind Oksnes sender ut og får namn frå kvar klasse og levera denne til Luster Sparebank.

**06/21-22:** Gjennomføring av elev/foreldre-samtalar.  
Innspel frå foreldre: ynskje om at utviklingssamtalane blir gjennomført tidlegare enn kva som er praksis i dag (vanlegvis er dei i november og april/mai).  
FAU har diskutert saken med rektor:  
På grunn av at kartleggingar av elevar er på hausten og desse kartleggingane er grunnlag for foreldre-/elevsamtalar, vert ikkje samtalane før tidlegast i slutten av oktober/tidleg november. Andre runde i mars/april vert utført etter kartleggingar om vinteren. Nokre klassar har også nasjonale prøvar som ein nyttar som grunnlag for samtalane. Dette gjer det vanskeleg å flytte på desse samtalane.

FAU tilrår: bruk av læraren sin kontakt time om ein ynskjer ein samtale utanom dei faste foreldre-elev-samtalane.

Informasjon frå rektor i etterkant av FAU-møtet:

*«Perioden med elev- og utviklingssamtalar haust 21 startar veke 44, og skal vare 3 veker. Då har elevane gått 2,5 månad på skulen, ein har hatt ein god læringsperiode, ferdig med studentpraksisen, gjennomført kartleggingar o.l.*

*Våren 22 er samtaleperioden lagt til veke 11, 12 og 13. Det same her ein god læringsperiode på 2,5 månad etter juleferien.»*

**07/21-22:** Valkafé  
Innspel om å tildela ansvar for valkafé til ein klasse fast. Forslag om 7. eller 8. klasse. Nye reglar kring val-lokal gjere at ein ikkje fekk so stor inntening i 2021.



FAU vedtak: Legg dette til 8. klasse permanent. 8. klassen får vurdere om dei ynskjer å fortsetja med valkafé.

**08/21-22:** Ordensreglar HBUS  
Gjennomgang av ordensreglar. Rektor informerte om endringar.  
Tre nye kulepunkt om det som handlar om sykkel.  
Mobilreglement: Nokre endringar.

FAU: ingen innspel.

**09/21-22:** Ymse:

- Sak inn om skuleskyss: Det er praksis at dei som betalar for SFO ikkje har rett på busskort. For dei med ettermiddagsplass vil det sei at busskort gjeld til skulen men ikkje heim att.  
FAU diskutert saka: Elevar får truleg bruke skulebussen heim 1330 og 1430 med busskort. Ordinære/andre skuleruter må ein betala for.
- Tangs-legat: FAU må skrive ein søknad. Vil sjå på dette i samanheng med ungdomsbasen og kva ungdommane ynskjer av utstyr. FAU tek det opp som sak på neste FAU-møte.
- Informasjonssak: klassetur 10.klasse - positive tilbakemeldingar frå elevar som har vore på Fredsreiser i Norge.
- Busstransport til og frå Lustrabadet for symjeopplæring må skulen dekkja. Skular i Gaupne har ikkje denne utgifta.  
FAU: sende eit skriv til kommunen om å dekke busstransport. Samarbeida med andre skular.
- Invitasjon til Ungdata Seminar (Gaupnetunet 4. November):  
Monika Reime stiller for Øyvind Oksnes.

Referent: Inger Johanne Lomheim